



VOLDA KOMMUNE
Avdeling for dokumentasjon og service

Til utviklingsavdelinga,

Erlend S. Vikestrand

Vår referanse
19/10047 21/21951

Din referanse

Sakshandsamar
Sonja Håvik

Dato
04.10.2021

Slutthandsaming - Detaljreguleringsplan for Grevsneset - gnr 31 bnr 1

Kommunestyret har i møte 30.09.2021, sak 96/21, fatta følgjande vedtak:

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan for Grevsneset med plankart datert 28.06.2021 og føresegner datert 30.06.2021, jf. plan- og bygningslova § 12-12.

Kommunestyret legg til grunn at reguleringsplanen ikkje endrar status for vegen gjennom området. Anleggseigar vert oppmoda om å mogleggjere at gåande og syklande på eige ansvar kan passere på den gamle Austefjordvegen.

Med helsing

Sonja Håvik
førstekonsulent

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur

Mottakar
Erlend S. Vikestrand



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
149/21	Formannskapet	21.09.2021
96/21	Kommunestyret	30.09.2021

Slutthandsaming - Detaljreguleringsplan for Grevsneset - gnr 31 bnr 1

Samandrag:

Hovudføremålet med reguleringsplanen er å vidareutvikle eksisterande anlegg for uttak, knusing og lagring av fjellmassar. Vidare inngår eit nytt anlegg for mottak og bearbeiding av returafalt og returbetong. Pårekna driftsperiode for anlegget er 8-15 år. Delar av området vil tilbakeførast til jordbruksareal ved avslutta drift.

Kommunestyret 30.09.2021:

Behandling:

TREKT - Tilleggspunkt Eidseflot og Festø, foreslått av Hans Peter Eidseflot, Senterpartiet:

Kommunestyret legg til grunn at reguleringsplanen ikkje endrar status for reguleringsområdet, herunder også vegen gjennom området. Anleggseigar vert oppmoda om å mogleggjere at gåande og syklende på eige ansvar kan passere på den gamle Austefjordvegen.

Tilleggsforslag frå Eidseflot og Festø - justert, foreslått av Hans Peter Eidseflot, Senterpartiet:

Kommunestyret legg til grunn at reguleringsplanen ikkje endrar status for vegen gjennom området. Anleggseigar vert oppmoda om å mogleggjere at gåande og syklende på eige ansvar kan passere på den gamle Austefjordvegen.

Anika Karen Sandholt Aarflot (VL) fekk permisjon kl. 16.00.

Røysting (30 røysteføre):

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Prøverøysting - Framlegget frå Eidseflot (Sp) og Festø (Mdg) fekk 19 røyster, 11 røysta mot (3 Krf, 6 H, 1 Frp og 1 VL (Odd A. Folkestad)).

Endeleg røysting - Framlegget får Eidseflot og Festø vart samrøystes vedteke.

KST- 96/21 Vedtak:

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan for Grevsneset med plankart datert 28.06.2021 og føresegner datert 30.06.2021, jf. plan- og bygningslova § 12-12.

Kommunestyret legg til grunn at reguleringsplanen ikkje endrar status for vegen gjennom området. Anleggseigar vert oppmoda om å mogleggjere at gåande og syklande på eige ansvar kan passere på den gamle Austefjordvegen.

Formannskapet 21.09.2021:

Behandling:

TREKT - Nytt forslag. Tilleggspunkt om vilkår., foreslått av Øyvind Festø, Miljøpartiet De Grønne:

Kommunestyret set som vilkår at det vert innarbeidd ei løysing som gjer det mogleg for gåande og syklande å passere masseuttaket, slik at gamle Austefjordvegen framleis kan nyttast som turområde.

Nytt tilleggspunkt om vilkår, foreslått av Øyvind Festø, Miljøpartiet De Grønne:

Tilleggspunkt om vilkår.

Kommunestyret set som vilkår at det framleis skal vere mogleg for gåande og syklande å passere masseuttaket, slik at gamle Austefjordvegen kan nyttast som turområde.

Sakshandsamar Erlend Sporstøl Vikestrand orienterte.

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå Øyvind Festø (Mdg) fekk tre røyster (Øyvind Festø, Margrete Trovåg og Sverre Leivdal) og fall. 6 røysta mot.

FSK- 149/21 Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan for Grevsneset med plankart datert 28.06.2021 og føresegner datert 30.06.2021, jf. plan- og bygningslova § 12-12

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan for Grevsneset med plankart datert 28.06.2021 og føresegner datert 30.06.2021, jf. plan- og bygningslova § 12-12

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 21.09.2021 - 149/21:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan for Grevsneset med plankart datert 28.06.2021 og føresegner datert 30.06.2021, jf. plan- og bygningslova § 12-12

Vedlegg:

Plankart og føresegner til reguleringsplan for Grevsneset, revisjon 1 - gnr 31 bnr 1
Planomtale for reguleringsplan for Grevsneset, revisjon 1 - gnr 31 bnr 1
52101439 - føresegner 30_06_2021
Framlegg til reguleringsplan for Grevsneset, revisjon 1 - vedlegg C 4, 5 og 8 - gnr 31 bnr 1
Vedlegg C5_Skredfarevurdering for reguleringsarbeid på Greifsneset
masseuttak_versjon03
Vedlegg C9_E-post frå Asplan Viak AS dat 18 juni 2021
Vedlegg C10_Omklassifiseringsvedtak
VedleggC7_Faresoner
Merknader til planforslag
Forsinka høyingssvar - innspel til reguleringsplan for Grevsneset - gnr 31 bnr 1
Stadfesting vedrørende veg og bom - gnr 31 bnr 1
Detaljreguleringsplan for Grevsneset: Oppsummering av innspel til planforslag - gnr 31 bnr 1

Saksopplysningar:

Planforslaget er i stor grad i samsvar med forslag til ny kommunedelplan for tidlegare Volda kommune, men strekkjer seg noko utover grensene som er avsett til råstoffutvinning mot vest. Formålet med planforslaget er å legge til rette for vidare drift av masseuttaket, samt å etablere returanlegg for asfalt og betong. Mot aust er det sett av omsynssone og buffersone mot edellauvskog. Ein konsekvens av planforslaget og vidare drift i anlegget er at den gamle riksvegen mellom Greivsneset og Løvikneset kan verte stengd for mjuke trafikantar. Vegen er i dag privat, medan veggrunnen er eigd av Statens Vegvesen.

Bygningar og anlegg (BSM 1-6):

Innanfor områda BSM 1 og 2 kan det takast ut massar i form av laus stein og fast fjell i pallar/nivå som synt i plankartet. Det vert sett krav til minimumsavstand på 40 meter til vegg og 40 meter til overheng mot E39 Rotsethorntunellen (jf. merknad frå STV). Innanfor områda BSM 3 og 4 kan det knusast, sorterast, transporterast og lagrast masse (BSM3) og lagrast ferdige produkt (BSM4). BSM 5 og 6 kan nyttast til sikring og tilkomst.

Anna type bebyggelse og anlegg (BAB 1-3):

Innanfor BAB områda kan det etablerast returmottak for asfalt (BAB1), betong (BAB2) og lagring av sprengningsutstyr (BAB3). Returanlegga omfattar mottak, knusing og lagring. I desse områda kan det etablerast lagerbygg med lite personopphald med maks BYA = 30% (jf. TEK17 §7.3 tryggleiksklasse S1).

Samferdsle og teknisk infrastruktur:

Omfattar veg til anlegget frå rundkøyringa på Grevsneset, med tilhøyrande grøfter, skjeringar og fyllingar. Kan tilpassast til ei kvar tids gjeldande behov. Vegen er foreslått stengd for ålmenta, inkludert gåande og syklande. Dette grunna ei vurdering kring tryggleiksforhold. Allmenn trafikk, særleg for mjuke trafikantar er ikkje tilrådeleg grunna anleggstrafikk, sprenging og graving, samt skredfaren frå terrenget aust for planområdet.

Grøntområde (GN):

GN1 skal fungere som ei buffersone mot edellauvskog (GN2). Denne skogen har egne vernereglar og buffersona er sett i samråd med fylkesmannen i Møre og Romsdal (Statsforvaltaren frå 01.01.2021). Buffersona er 30 meter.

Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF):

Ved avslutta drift skal området nyttast til nytt jordbruksareal. Dette kan gjerast etappevis, etter som drifta avviklast stegvis. Det synast elles til illustrasjonsplan for kva områder som er tenkt til jordbruk etter avvikling av drifta. Området LSK1 vert ikkje omfatta av masseuttaket og ein føresett at området kan nyttast til skogbruk ut i frå terrenget sine føresetnader.

Rekkefølgekrev:

Det er sett rekkefølgekrev til etablering av skredsikring jf. føresegnene og driftsplan.

Faresoner og krav etter forureiningslov- og forskrift:

Det er innarbeidd omsynssone for skredfare (H310). Det skal etablerast sikringsvollar jf. føresegn og driftsplan. Det er utarbeidd støyrapport for tiltaket. Tiltakshavar pliktar å følgje krava i forureiningsforskrifta kap. 30 med eventuelle framtidige endringar i denne. Dette gjeld utslepp til luft, vatn og støyforhold. Matjord skal takast vare på for etterbruk.

Vurdering og konklusjon:

Planforslaget vurderast som godt utarbeidd og syner i detalj kva tiltakshavar ønskjer å nytte området til. Dette legg til rette for vesentlege uttak av massar i området.

Plandokumenta legg klare føringar for kva volum som kan takast ut og korleis drifta skal utførast. Det er planlagt uttak av opp til 720.000m³ fast fjell, samt om lag 35.000 m³ lausmasse. Uttaket vil verte gjort i pallar eller hyller, noko som vil syne att i landskapet. Reguleringsplanen stiller krav om at pallane skal tildekkjast med massar slik at naturleg vegetasjon kan etablere seg att. Driftstida er estimert å vere mellom 8-15 år. Reguleringsplanen vil saman med driftsplan og forureiningslov- og forskrift gi klare retningslinjer for drifta. Ein vurderer lokaliteten til å vere høveleg for denne typen aktivitet, då nærmaste bebyggelse ligg skjerma frå støy og støvutslepp. Samstundes er det kort veg til Volda sentrum via E39.

Merknadane til varsel om oppstart er vurdert og i stor grad teke til følgje, mellom anna med utarbeiding av skredfarerapport, buffersone mot edellauvskog, støyrapport og føresegner knytt til etterbruk av området. Store delar av planområdet er utsett for skredfare. Omsynssoner er innarbeidd i plankartet. Plandokumenta legg føringar for sikring, både gjennom føresegner og vidare krav til innhald i driftsplan. Edellauvkogen vert sikra med ei buffersone (GN), noko som vurderast som positivt for natur og miljø. Det er vidare lagt føringar for tilbakeføring av området til skog- og jordbruk. Dei brattaste partia og pallane som vert teke ut skal tildekkast med jord, det same gjeld flate parti i knuse- og lagerområda. Det er positivt at planen legg slike føringar for etterbruk og tilbakeføring. Planområdet strekkjer seg noko ut over det som er sett av til masseuttak i kommunedelplan for tidlegare Volda kommune. Det er ikkje kome merknader på dette. Merknadane til planforslaget ligg vedlagt saka og er oppsumert i planomtalen.

Vegen til, og forbi masseuttaket er foreslått stengt for annan trafikk, inkludert mjuke trafikantar (gåande og syklande). Vegen vart i 2005 omklassifisert frå Rv 651 til privat veg, der Statens Vegvesen eig veggrunnen. I brev frå Statens Vegvesen til Volda kommune (vedlagt) vart det presisert følgjande: «*På grunn av rasfare skal vegen vere stengd med bom i kvar ende. Grunneigar er klar over rasfaren og all ferdsel skjer på eige ansvar...*» Administrasjonen hadde ved oppstart eit ønske om at vegen skulle

kunne nyttast av mjuke trafikantar. Tiltakshavar har gjort vurderingar ut i frå Statens Vegvesen si handbok N200. Denne fangar ikkje opp forhold som gjeld tryggleik for skred på gang- og sykkelveg. Dermed er det TEK17 som vert gjeldande. Vegen stettar ikkje krava til tryggleiksklasse S1 for skred utan tiltak. Likevel er det stadfesta frå Statens Vegvesen at kommunen ikkje vil ha ansvar for tryggleiken til mjuke trafikantar dersom folk vert råka av ei skredhending på denne vegstrekninga. Ein vurderer forholdet til anleggsområdet som meir usikkert, då ei eventuell ulukke grunna anleggsaktivitet, herunder anleggstrafikk, klart vil få ein konsekvens. Ut i frå trafikale forhold og støy i driftsperioden, samt arbeid med sprenging og lasting medfører dette ein betydeleg risiko for mjuke trafikantar i området. Ut i frå desse forholda vurderer ein det til at vegen bør stengjast for annan trafikk når det er drift i anlegget. Eit alternativ og ei sterk oppmoding til tiltakshavar bør vere at vegen vert halden open for mjuke trafikantar i dei tider av døgnet det ikkje er aktivitet i anlegget.

Syklistenes Landsforening (SLF) har i brev av 07.09.2021 kome med høyringssvar (etter tidsfrist). Høyringsperioden vart sett frå 05.02 til 23.03.2021. SLF reagerer på at ein ønskjer å stengje den gamle riksvegen for syklistar, og meiner det er svært uheldig å leie syklistar inn i tunellane på E39. Ein syner her til at dette aukar moglegheita for alvorlege ulukker. SLF meiner vidare at det ikkje er vanleg å nytte TEK17 på vegtiltak. Når det gjeld sykkeltrafikk i tunell er ein samd i at dette ikkje er tilrådeleg. Eit mogleg avbøtande tiltak kan vere å etablere varslingsanlegg for syklistar i tunellen. Kommunen syner elles til vurderingane i førre avsnitt.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjend konsekvens

Konsekvensar for folkehelsa: Dersom vegen mellom Greifsneset og Løvikneset vert stengd for mjuke trafikantar vil dette ha ein negativ konsekvens for dei som nyttar vegen som tur- og sykkelveg.

Miljøkonsekvensar: Noko negativ konsekvens. Anlegget vil føre til synlege terrenginngrep, som er klart meir synlege enn dagens masseuttak. Likevel er det positivt at det er lagt inn eige formål med buffersone mot edellauvskog, samt krav tildekking av uttakspallane.

Økonomiske konsekvensar: Ingen konsekvens for kommunen. Dei økonomiske konsekvensane fell til tiltakshavar og drifta av anlegget/uttaket.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjend konsekvens.

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjend konsekvens. Ut i frå kunnskapen kommunen har er området lite eller ikkje eigna for, eller nytta av born og unge.

Utskrift av endeleg vedtak:

Utviklingsavd v/ Erlend S. Vikestrand

Rune Sjurgard
kommunedirektør